



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 066/18 | Formannskapet | 09.05.2018 |
| 033/18 | Kommunestyret | 22.05.2018 |

Godkjenning av retningslinjer for tildeling av tilskot til frivillig kulturarbeid - Selje kommune

Bakgrunn for saka:

Selje kommunestyre gjorde i møte 14.12.2017, sak KS-090/17 bokstav C, følgjande vedtak:

«Opprettheld ordning med kulturmidlar på 100.000 kr i 2018. Kommunestyret får opp i eiga sak om fordelingsnøklar og kriterie for støtte».

Vedtaket vert no følgt opp ved at det vert lagt fram eit utkast til retningslinjer for tildeling av tilskot til frivillig kulturarbeid i Selje kommune. Det vert også lagt opp til vedtak om deling av ramme mellom:

- Idrettsorganisasjonar
- Song og musikkorganisasjonar
- Andre lag og organisasjonar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Selje kommunestyre vedtek retningslinjene for tildeling av tilskot til frivillig kulturarbeid i Selje kommune slik dei ligg føre.

Ramma for tildeling av kulturmidlar kr 100.000,- vert fordelt slik:

- Idrettsorganisasjonar 40 % av samla ramme - kr 40 000
- Song og musikkorganisasjonar 30 % av samla ramme - kr 30 000
- Andre lag og organisasjonar 30 % av samla ramme- kr 30 000

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.05.2018

Selje kommunestyre vedtek retningslinjene for tildeling av tilskot til frivillig kulturarbeid i Selje kommune slik dei ligg føre.

Ramma for tildeling av kulturmidlar kr 100.000,- vert fordelt slik:

- Idrettsorganisasjonar 40 % av samla ramme - kr 40 000

Det vart stemt over formannskapet si tilråding. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

KS- 033/18 Vedtak:

Selje kommunestyre vedtek retningslinjene for tildeling av tilskot til frivillig kulturarbeid i Selje kommune slik dei ligg føre.

Ramma for tildeling av kulturmidlar kr 100.000,- vert fordelt slik:

- Idrettsorganisasjonar 40 % av samla ramme - kr 40 000
- Song og musikkorganisasjonar 30 % av samla ramme - kr 30 000
- Andre lag og organisasjonar 30 % av samla ramme- kr 30 000

Samrøystes

Saksopplysningar:

Framlegget til retningslinjer er no utarbeidd slik at det inneheld rutinar og retningslinjer for dei midlane ein har til disposisjon til ulike kulturtiltak. Det er også med rutinar for korleis handtere søknader som kjem gjennom året og som det ikkje er budsjettmidlar til. Forslaget bygger på Eid kommune sine retningslinjer, men er tilpassa Selje kommune.

Det kjem årleg inn ein del søknader om tilskot som vi gjev tilskot til, medan andre ikkje blir imøtekomne. All den tid vi ikkje har noko frie midlar til disposisjon, blir slike saker i dag lagt fram som referatsak til politisk utval, som igjen sender dei søknadene dei vil prioritere tilbake til administrasjonen for førebuing til politisk behandling. Dei andre får melding om at søknaden deira ikkje er blitt prioritert. Dei sakene som blir lagt fram til politisk behandling, må til kommunestyret for vedtak all den tid ein må her finne midlar det ikkje er budsjett til. Det krev mykje av både administrative og politiske ressursar om alle søknader skal få rettviss og god handsaming. Det ville vere ein stor fordel å hatt eit beløp til disposisjon til søknader innanfor ein viss storleik. I retningslinjene har ein teke høgde for slike søknader om det blir lagt inn budsjettmidlar til dette. Dette vil i så fall kunne skje frå og med 2019.

I budsjettet for 2018 er det sett av kr. 100.000,- til kulturmidlar som skal fordelast lag og organisasjonar i samsvar med retningslinjene. Fordelinga av midlar vil skje til følgjande grupper:

- Idrettsorganisasjonar
- Song og musikkorganisasjonar
- Andre lag og organisasjonar

Selje kommunestyre må ta stilling til fordelingsnøkkelen mellom desse tre gruppene. Ein kan til dømes velje følgjande fordeling:

- 40 % av ramma vert tildelt idrettsorganisasjonar i Selje
- 30 % vert tildelt song og musikkorganisasjonar
- 30 % vert tildelt andre lag og organisasjonar

Fordelinga ovanfor er meint som eit døme, og kommunestyret må ta endeleg stilling til fordeling.

Dersom vi skal følgje Eid kommune sitt system, så blir den fastsette ramma for kvar gruppe fordelt til den enkelte søkjar ut frå organisasjonen sine tal på medlemmar under 19 år, og tildelinga vil då skje administrativt ut frå denne fordelingsnøkkelen. Organisasjonar med vaksne medlemmar over 19 år vil såleis ikkje tilfredstille kriteria for å søkje.

Det er ikkje lagt opp til støtte til kulturbygg i vedlagde retningslinjer. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei årleg støtteordning for nybygg, om bygging og modernisering av kulturbygg, og lag- og organisasjonar må sende sine søknadar om støtte til dette formålet til fylkeskommunen. Kommunen skal vere høyringsorgan i slike saker, og om aktuelt prioritere mellom søknadane som går frå lag- og organisasjonar i Selje kommune. Utover dette må lag- og organisasjonar nytte spelemiddelordninga så langt dei planlagde prosjekta fell inn under denne ordninga.